

## Læreplan i vg2 fiske og fangst

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 11. februar 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

## Om faget

### Fagrelevans og sentrale verdier

Vg2 fiske og fangst handlar om å hauste av ressursane i havet. Programfaga skal gi elevane kompetanse i å handtere fartøy, teknisk utstyr, reiskapar og fangst i samsvar med regelverket og kvalitetskrava. Vg2 fiske og fangst skal gi elevane eit grunnlag for å forstå samspelet mellom berekraftig forvaltning, teknologi, økonomi og samfunn. Programfaga skal bidra til å utvikle sjølvstendige og kompetente lærlingar til fiskaryrket.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Vg2 fiske og fangst skal bidra til forvaltning av marine ressursar i eit langsiktig og berekraftig perspektiv og bidra til berekraftige kystsamfunn, med vekt på kvalitet og dyrevelferd. Dette krev kritisk tenking og etisk medvit. Programfaga skal gi forståing av fiskerinæringa som grunnlag for tradisjonar og danning av identitet. Vg2 fiske og fangst dannar vidare grunnlag for å utvikle engasjement og skaparglede og for å sjå mogelegheiter, takle utfordringar og bidra til næringsutvikling.

### Kjerneelement

#### Marine ressursar

Kjerneelementet marine ressursar handlar om biologien til og utbreiinga av ulike artar. Det handlar òg om den økonomiske betydninga av artane og om korleis moderne fiskeriaktivitet påverkar miljøet og ressurstilgangen. Vidare handlar det om korleis fisket blir regulert og ressursane forvalta.

#### Sikkerheit om bord

Kjerneelementet sikkerheit om bord handlar om å arbeide under varierende vêrforhold, med skiftande arbeidstid og med krav til fleksibilitet og sjølvstende. Vidare handlar det om gjeldande regelverk for helse, miljø og sikkerheit basert på godt sjømannskap. Det dreier seg òg om krava knytte til sikkerheitsstyringssystem og fartøyinstruks og/eller fartssertifikat. Kjerneelementet handlar vidare om å drøfte regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet, og reflektere over eigen praksis.

#### Fartøy og fiskereiskap

Kjerneelementet fartøy og fiskereiskapar handlar om å gjennomføre fangstoperasjonar med tilhøyrande utstyr. Vidare handlar det om å klargjere og halde ved like fartøy og reiskapar. Det dreier seg òg om å bruke

navigasjons- og fiskeleitingsutstyr, å setje og hale reiskapar og å ha kunnskap om dei ulike rollene om bord.

## Fangst, kvalitet og marknad

Kjerneelementet fangst, kvalitet og marknad handlar om behandling og levering av fangst. Vidare dreier det seg om kvalitetskrav til råstoff og sluttprodukt i ulike marknader og om innsatsfaktorar og økonomi knytt til aktuelle fiskeri.

## Tverrfaglege tema

### Berekraftig utvikling

I vg2 fiske og fangst handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om å hauste marine ressursar på ein berekraftig måte. Det inneber å utforske og drøfte konsekvensane av eigen aktivitet, uttak av ressursar og bruk av teknologi i marine økosystem.

## Grunnleggjande ferdigheiter

### Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg2 fiske og fangst inneber å forklare og grunngi arbeidsprosessar i fiske og fangst og å diskutere ulike framlegg og løysingar. Vidare inneber det å forklare og beskrive prosessar og produkt og å bruke fagspråk i drøfting og refleksjon over faglege emne. Det inneber òg å tilpasse kommunikasjon til mottakar og formål og å kommunisere på fagspråk gjennom maritim radio.

### Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg2 fiske og fangst inneber å rapportere og dokumentere ulike arbeidsoperasjonar på fiskefartøy og å presentere prosessar og produkt. Det inneber å utforske og reflektere over faglege emne og problemstillingar og å utforme tekstar tilpassa mottakar og formål. Det inneber vidare digital kommunikasjon og informasjonsutveksling.

### Å kunne lese

Å kunne lese i vg2 fiske og fangst inneber å tileigne seg kompetanse i faget gjennom å finne og vurdere informasjon i bruksrettleiingar, datablad, fagstoff og andre faglege kjelder. Det vil seie å orientere seg i og tolke gjeldande regelverk og reguleringar for fiske. Vidare inneber det å hente inn og tolke meteorologiske observasjonar.

## Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg2 fiske og fangst inneber å bruke tal og utrekningar for å finne volum, areal, lengd, vekt, fart, tid og distanse. Det vil seie å gjere utrekningar til navigasjon og i stabilitet og å gjere overslag av fangstverdi. Vidare inneber det å gjere målingar og å setje opp og tolke tabellar, diagram og enkel statistikk.

## Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg2 fiske og fangst inneber å kunne formidle, presentere, kalkulere, hente inn og utveksle informasjon digitalt. Det vil seie å nytte digitale instrument til fiskeleiting, fangsting, måling, kartlegging og kommunikasjon og å bruke elektroniske kart til navigasjon. Det inneber òg å utvikle etisk medvit og utvise digital dømmekraft.

# Kompetansemål og vurdering

## Kompetansemål og vurdering fartøy og reiskapar (337 timar)

### Kompetansemål etter fartøy og reiskapar

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- fangste med ulike reiskapar og beskrive oppbygginga og verkemåten til reiskapane
- gjennomføre vedlikehald og reparasjon av fiske- og fangstreiskapar
- planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere seglas ved bruk av sjøkart, farvatnbeskrivingar, sjømerke og navigasjonsmiddel
- hente inn og vurdere meteorologiske observasjonar
- bruke sjøvegsreglar og halde bruvakt i samsvar med godt sjømannskap
- manøvrere og fortøye fartøy under rettleiing
- gjere greie for operasjon av fartøy med omsyn til vêrforhold, straum, tidvatn og åtferda til fisken
- rekne ut stabiliteten til fartøy i ulike lastekondisjonar
- laste og losse fartøy i samsvar med gjeldande regelverk
- handtere avfall og førebyggje skadelege utslepp etter gjeldande regelverk
- bruke sikkerheitsstyringssystem for fiskefartøy etter gjeldande regelverk og gjere greie for kva ISM-koden har å seie for drift og sikkerheit
- gjere greie for hovudfunksjonane og ansvarsfordelinga til bemanninga om bord

- vurdere risiko for arbeidsoperasjonar om bord og utføre arbeidet i tråd med vurderinga
- utføre oppgåver etter sikkerheits- og beredskapsplanen om bord
- velje ut og bruke personleg verneutstyr ved ulike arbeidsoperasjonar om bord
- halde ved like og reparere fartøy og produksjonsutstyr etter vedlikehaldsplanen for fartøyet
- starte, stoppe og utføre rutinemessig vedlikehald av ein motor
- gjere greie for korleis dekkutstyr om bord er bygd opp og fungerer
- gjere greie for innhaldet i ISPS-koden
- bruke maritim radio etter gjeldande regelverk

## Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget fartøy og reiskapar når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer begge programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget fartøy og reiskapar. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i programfaget fartøy og reiskapar ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistarar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i programfaget fartøy og reiskapar basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

Eleven må dokumentere gjennomført kurs i grunnleggjande sikkerhetsopplæring i tråd med gjeldande regelverk og krav frå Sjøfartsdirektoratet.

## Kompetansemål og vurdering fangst og kvalitet (140 timar)

### Kompetansemål etter fangst og kvalitet

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke arbeidsklede og verneutstyr om bord og følgje rutinar for god hygiene
- fangste med omsyn til dyrevelferd, råstoffkvalitet, matvaretryggleik og fangstverdi
- gjennomføre reinhald etter gjeldande reinhaldsplan om bord
- utføre fangsting basert på biologien til dei aktuelle artane
- gjennomføre disseksjon av ulike artar og greie ut om anatomien og fysiologien til artane
- drøfte økologiske konsekvensar av fiske og næringsverksemd, og fiske i tråd med prinsipp om berekraft
- følgje gjeldande reguleringar for ulike fiskeri
- bruke metodar for seleksjon og fangstavgrensing med ulike reiskapar, og vurdere kva desse metodane har å seie for berekraftig forvaltning
- gjennomføre førstehandsbehandling av råstoff etter gjeldande regelverk
- bruke fangstbehandlingsutstyr om bord og vurdere påverknaden dette har på råstoffkvaliteten
- bruke tilarbeidingsmetodar for ulike artar og vurdere korleis desse påverkar kvaliteten på råstoffet og graden av råstoffutnytting
- bruke kvalitetssikringssystem og følgje standardar om bord
- gjere greie for samanhengen mellom fangstinntekter, kostnader, lott og hyreoppgjær
- gjere greie for organisasjonar og forvaltningsnivå i næringa
- drøfte kva krav og forventningar som blir stilte til eit likeverdig og inkluderande yrkesfellesskap, og beskrive kva plikter og rettar arbeidsgivaren og arbeidstakaren har i arbeidslivet

### Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Elevane viser og utviklar kompetanse i programfaget fangst og kvalitet når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i programfaget.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Læraren kan gi arbeidsoppgåver som dekkjer begge programfaga. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i programfaget fangst og kvalitet. Elevane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistarar, og reflektere over si eiga faglege

utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i programfaget.

## Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i programfaget fartøy og reiskapar ved avslutninga av opplæringa i programfaget. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin i programfaget på varierte måtar. Med utgangspunkt i kompetansemåla skal læraren vurdere korleis eleven viser forståing, evne til refleksjon og kritisk tenking, og korleis eleven meistrar utfordringar og løyser oppgåver i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i programfaget fartøy og reiskapar basert på kompetansen eleven viser ved å planleggje, gjennomføre, vurdere og dokumentere eige fagleg arbeid.

## Vurderingsordning

### Standpunktvurdering

Fartøy og reiskapar: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Fangst og kvalitet: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

### Eksamen for elevar

Fartøy og reiskapar og fangst og kvalitet: Eleven skal opp til ein tverrfagleg eksamen der dei felles programfaga inngår. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingssdel.

### Eksamen for privatistar

Fartøy og reiskapar: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Fangst og kvalitet: Privatisten skal opp til ein skriftleg eksamen i programfaget. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

Fartøy og reiskapar og fangst og kvalitet: Privatisten skal opp til ein tverrfagleg praktisk eksamen i desse felles programfaga. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingssdel ved lokalt gitt eksamen.

